NOKUT

Pressemelding

Dato: 25.oktober 2018

# Tre fagskular med nye akkrediterte fagområde

**NOKUTs styre vedtok i dag å akkreditere fagområdet helse ved Fagskolen i Østfold, kommersiell scenekunst - tolking og formidling ved Bårdar Akademiet og bygg- og anleggsteknikk ved Fagskolen Innlandet.**

- Vi gratulerer fagskulane med dei nye akkrediteringane. No er det seks akkrediterte fagområde her i landet. Med ei akkreditering for fagområde får fagskulen fullmakter til å opprette og endre studietilbod innan fagområdet utan å søkje NOKUT. Vi ønskjer at fleire fagskular skal bli rusta til å få eit slikt ansvar, seier NOKUTs direktør Terje Mørland.

For å få akkreditering for eit fagområde er det viktig at fagskulen innan dette området har eit kompetent fagmiljø og eit godt samarbeid med yrkesfeltet. Fagskulen må også ha gode ordningar for å kvalitetssikre og vidareutvikle studietilboda.

Akkreditering av eit fagområde er mykje likt ei institusjonsakkreditering for høgskulane. Både fagskulen og høgskulen får ved ei slik akkreditering fullmakt til sjølv å opprette utdanningstilbod utan å søkje NOKUT.

## Tilsynsrapportane

- Bårdar Akademiet: kommersiell scenekunst – tolkning og formidling
- Fagskolen Innlandet: bygg- og anleggsteknikk
- Fagskolen i Østfold: helse og oppvekst

## Fakta: Fagområdeakkreditering

Ein sakkunnig komité, vald av NOKUT, vurderer om fagskulen oppfyller krava til akkreditering for fagområde i fagskulelova, studiekvalitetsforskrifta og fagskuletilsynsforskrifta. Vurderinga blir gjord på grunnlag av skriftleg dokumentasjon og gjesting ved institusjonen.

At ein fagskule har fått akkreditering for eit fagområde, inneber at fagskulen er vurdert til å vere i stand til sjølv å kunne kvalitetssikre studietilboda sine innan dette fagområdet på linje med den kvalitetssikringa NOKUT gjer.


| Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga | Postadresse | Adresse | Kommunikasjonsdirektør |
|---|---|---|---|
| Telefon: (+47) 21 02 18 00<br>Faks: (+47) 21 02 18 01 | Postboks 578<br>1327 Lysaker | Drammensveien<br>288 | Gard Sandaker-Nielsen<br>gsn@nokut.no<br>Tlf: (+47) 951 57 471 |

Fagskular med fagområdeakkreditering kan innan dette fagområdet både opprette nye studietilbod og gjere vesentlege endringar i dei tilboda dei allereie har fått akkreditert av NOKUT.

Frå før har desse fagskulane fått akkreditert følgjande fagområde:

- AOF Haugaland: helse og oppvekst
- Ernst G. Mortensens Stiftelse - Høyskolen Kristiania: design, kommunikasjon og teknologi
- Noregs grønne fagskole - Vea: grønne design- og miljøfag

Les meir om fagområdeakkreditering


| **Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga** | **Postadresse** | **Adresse** | **Kommunikasjonsdirektør** |
| --- | --- | --- | --- |
| Telefon: (+47) 21 02 18 00<br>Faks: (+47) 21 02 18 01 | Postboks 578<br>1327 Lysaker | Drammensveien 288 | Gard Sandaker-Nielsen<br>gsn@nokut.no<br>Tlf: (+47) 951 57 471 |